

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Trondheim, 25.06.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):

Sakshandsamar:

«REF»

2021/6883

Johan Danielsen

Avgjerd i klagesak - klage på løyve til utsetting av fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) i på gnr./bnr. 32/2 i Evje og Hornnes kommune, Agder fylke

Vi viser til klage dagsett 05.03.2021 frå Naturvernforbundet, SABIMA og WWF (klager) på Statsforvaltaren i Agder sitt vedtak av 18.02.2021.

Vedtak

Miljødirektoratet stadfester Statsforvaltaren i Agder sitt vedtak gjort 18.02.2021, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Wenche Reinertsen får løyve til utsetting av 1000 fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) til skogproduksjon på 3,5 daa på området som er kartfesta i søknad, på gnr./bnr. 32/2 i Evje og Hornnes kommune, jf. forskrift 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål §§ 5 og 7. Vilkåra i løyve frå Statsforvaltaren gjeld.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Sakens bakgrunn

Wenche Reinertsen (søker) søkte 02.02.2021 om å løyve til å sette ut 1000 fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) til skogproduksjon på 3,5 daa på gnr./bnr. 32/2 i Evje og Hornnes kommune. Statsforvaltaren i Agder ga 06.08.2020 løyve til dette.

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF klagar på vedtaket den 05.03.2021. Statsforvaltaren opprettheldt vedtaket og sendte 26.04.2021 klagesaka til endeleg avgjerd hos Miljødirektoratet.

Merknader frå klager

Klager meiner at vedtaket om å gje løyve til utsetting er feil og må gjerast om til avslag på grunn av at:

- *Statsforvaltaren si handsaming generelt har for dårleg kvalitet og at det er tilfeldig om naturmangfaldet vert teken omsyn til.*
- *Kunnskapsgrunnlaget ikkje kjem godt nok fram i saka og at det ikkje er tatt høgde for siste vurdering i Artsdatabanken.*
- *Det er auka funn av fjelledelgran dei seiste tre åra.*
- *Kartlegging av området kan vere mangelfull.*
- *Fylkesmannen si vurdering av spreiding er mangelfull.*
- *Vegetasjonsbeltet langs vassdraget kan ikkje inngå i løyvet*

Postadresse: Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00

E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljodirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391

Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo

- *Samla belastning av tiltaket ikkje er vurdert tilstrekkeleg.*
- *Bortfall av vegetasjon langs vassdrag treng vurdering*
- *Det må setjast vilkår om at skogeigar ikkje kan omsette juletre med rot til hageeigarar for å hindre spreiring*

Statsforvaltarens vurdering

Vilkåra for klage, er slik Statsforvaltaren ser det oppfylt både i forhold til klageinteresse og tidsfrist.

Søknadshandsaming

I løyve gjeven 18.02.2021 legg Statsforvaltaren vekt på:

- *Det er ikke registrert spesielle miljøverdier eller rødlistearter på eller i nærheten av de omsøkte arealene i offentlige databaser. Kunnskapen om naturmangfoldet i området vurderes som tilstrekkelig for å behandle søknaden, jf. nml § 8.*
- *Det er viktig å være føre-var i forhold til bruk av utenlandske treslag. Gjennom vilkårene som settes mener vi at det ikke er noen risiko for spredning av treslaget utenfor plantefeltet.*
- *Vilkårene for tillatelsen skal sørge for at tiltaket ikke gir noen belastning for naturen i området og den samla belastningen i området vil derfor ikke øke etter plantingen.*
- *Den som får tillatelse til utplanting, må selv dekke kostnader ved å hindre og begrense eventuelle skader; eksempelvis tilsyn og eventuelle andre tiltak.*
- *Vi kan ikke se at juletreproduksjon vil medfører noen driftsmessig skade på arealet eller nærliggende områder.*

Statsforvaltaren finn at utplanting av fjelledelgran i feltet det er søkt om løyve for planting i ikkje gir auka belastning på naturtypene som er omtala. Dette gjer at Statsforvaltaren fann at søknaden kunne godkjennast, med disse vilkåra:

- *Skogeier skal gjennom internkontroll etablere rutiner for å sikre at avvik fra tillatelsen eller forskriften ikke inntreffer.*
- *Dokumentasjon på internkontroll skal fremlegges på forespørsel. Et eksempel på skjema til bruk ved internkontroll finnes på Statsforvalterens nettside*
- *Trærne skal hogges før de det setter frø, og senest innen 15 års alder og/ eller høyde over 4 meter.*

Førebuaende klagesakshandsaming

Statsforvaltaren kommenterer klagen slik:

- *Statsforvaltaren meiner at denne saka er tilstrekkeleg opplyst, vurdert og grunngeven.*
- *Statsforvaltaren vurderer kartlegginga i Evje og Hornnes som god nok til at det kan fattast vedtak med bakgrunn i denne. Risiko for spreiring er vurdert ut i frå dagens klassifisering frå Artsdatabanken.*
- *Statsforvalteren har lagt til grunn at det er satt att ei kantsone mot elva ved hogsten som vart utført i 2020. Å oppretthalde ei funksjonell kantsone langs vassdrag er viktig. Omsyn til kantsone skal takast ved hogst jf. PEFC skogstandard. Omsøkte utplantingsområde går ikkje heilt ned til elva. Her det er det ei sone på 5-10 meter som ikkje er omfatta av løyvet, og vi har forutsatt at kantsonas funksjonalitet er ivaretatt.*
- *Sjølve utplantingsområdet har i følgje telefonsamtale med skogeigar vore brukt som beiteområde til kring 1970 og det vart planta til med skog for om lag 50 år sidan og er nå registrert som skog i AR5.*

- *Då privatpersonar kan gå på hagesenter å skaffe seg eit breitt spekter av planter av utanlandske treslag, ser ikkje Statsforvaltaren at sal frå skogeigar til privatpersonar vil utgjere ei fare for naturmangfaldet.*

Statsforvaltaren finn ikkje at klagen har med seg vesentlege nye moment som kan gi grunnlag for å endre avslag av 18.02.2021 og opprettheld dette.

Rettsgrunnlaget

Formålet med forskrift 25. mai 2012 nr. 466 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (forskrifta) er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet, jf. § 1. Etter § 5 er det krav om løyve til utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Løyve kan berre bli gitt dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer, skal spørsmålet om løyve skal bli gitt eller ikkje avgjerast etter ei skjønsvurdering, der omsynet til uheldige følger for det biologiske mangfaldet skal vegast opp mot andre interesser. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorgansimer medfører risiko for det biologiske mangfaldet. Prinsippa i nml. § 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer for vurderinga, jf. nml. § 7.

Kunnskap om fjelledelgran

I Artsdatabankens Fremmedartsliste 2018, er fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) plassert i låg risiko (LO).

Fjelledelgran veks naturlig i fjellområda i Nord-Amerika (Rocky Mountains - Alaska). Den er hardfør, toler skygge og trivs på god jord med rikeleg frisk fuktigheit, men veks og i mindre næringsrikt jord (Børset 1985). Den finns i liten grad i Norge, dekker om lag 2 km² skogareal. Under våre forhold setter fjelledelgran frø frå 30-40 års alder. Det er liten spreiiing rundt plantefelt, og beiting av hjortedyr på forynginga kan forklare noko. I høgtliggande skogsområde i Oppland (Hirkjølen) er det likevel vist noko spreiiing som er forventa å gi opphav til nye frøtre (Østraat 1999). Arten er langlevd og har noko spreiiing. På Hirkjølen er det observert opptil 170 unge planter/da og spreiiing ut til 57 m frå mortre. Potensiell vindspreiiing er berekna til å være opp til 2011 meter ved vindhastigheit på 10 m/s og 4022 ved 20 m/s.

Miljødirektoratet si sakshandsaming og vurdering

Det er ikkje kartfesta relevante naturverdiar innafor 2 km frå utsettingsstaden.

Fjelledelgran er i framandartslista frå 2018 i sett kategorien svært låg økologisk risiko (LO). Vi legg til grunn at arten har god spreiiingsevne og kan ha stor negativ effekt på naturmangfaldet. Samstundes gjeld løyvet juletreproduksjon der statsforvaltaren set som vilkår for løyve at trea skal hoggast før dei set kongler og slik kan spreie frø.

Vidare følger vi Statsforvaltaren i Agder sin argumentasjon knytt til dei tilhøva klagar tek opp og finn ikkje noko å legge til.

Miljødirektoratet ser ikkje at det ligg føre reell fare for negativ påverking av biologisk mangfald i denne saka. Miljødirektoratet finner derfor ikkje grunnlag for å gjere om på Statsforvaltarens vedtak.

Hilsen

Miljødirektoratet

Yngve Svarte
avdelingsdirektør

Janne Øvrebø Bohnhorst
seksjonsleiar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Statsforvalteren i Agder	Postboks 504	4804	ARENDAL
Evje og Hornnes kommune	Kasernevegen 19	4735	EVJE
Wenche Moi Reinertsen	Holtevegen 8	4700	VENNESLA